

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 27.06.2007 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte alle.

Andre som var tilstade på møtet:

Avd. ing. John Inge Sandvik var til stades under handsaming av sak 49/06
Adm. sjef. Tone Ramsli

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 29. juni 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Sture Tveit stilte spørsmål ved kvifor det ikkje var tilråding frå administrasjonen i sak 48/06. Det vart orientert om kva som var drøfta i førre møte vedkomande dette spørsmålet.

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit ba om rapport om sal av nausttomtene i Rolvsvåg. Adm. sjef orienterte om kva som er gjort. Den aktuelle kjøparen har ikkje planar om å starta bygging i år, slik at sal av dei andre tomtene har i utgangspunktet ikkje hast med tanke på felles tilrettelegging.

Han viste og til sal av Frøland skule der han syntes salssummen var låg. Adm.sjef orienterte om boda som var komne inn og taksten som er for eigedomen. Det vart og opplyst om kva som vart vektlagt av personal- og økonomiutvalet ved salet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Det vart gitt orientering om status

- for tilsetting av leiar av teknisk eining
- for sal av Hagamulen

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0048/07	07/00125 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL ANNEKS PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 TRENGEREIDFJORD.
0047/07	07/00029 KOMMUNALE VEGAR - DRØFTING AV KRITERIA
0046/07	05/00087 OMLEGGING AV EKSISTERANDE 300 KV-LEDNING MAURANGER - SAMNANGER

0048/07

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL ANNEKS
PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 TRENGEREIDFJORD.**

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring på eigedomen. Her orienterte søkjar om planane sine, han kom og med tankar om eit nytt alternativ som innebar at "badehuset" vert ståande på plassen. Dette er kravd rive.

Idar Reistad sette fram slikt framlegg

Naust:

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for utviding og heving av naust på gnr.4 bnr.25 og 83. Løyvet er gjeve i samvar med tegning motteke 14.05.07.

Naustet og mur under naustet skal ikkje plasserast lenger ut i sjøen enn noverande naust/mur.

Tilbygg til anneks:

Med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 17-2 vert det gjeve dispensasjon frå forbud mot bygging i 100 m beltet langs sjø, for bygging av tilbygg til anneks.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til anneks på gnr.4 bnr.25 og 83 merkja C på motteken teikning/skisse motteke 14.05.07. Det vert ikkje gjeve byggjeløyve for tilbygg til anneks merkja B på same skisse.

Utslepp av vaskevatn skal førast via 2 kamra 1 m³ slamavskiljar i lukka leidning på djup sjø. Det er ikkje søkt om og ikkje gjeve løyve til å innstalera vassklosett.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Olaug Øystese sette fram slikt framlegg.

Naust:

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for utviding og heving av naust på gnr.4 bnr.25 og 83. Løyvet er gjeve i samvar med tegning motteke 14.05.07.

Naustet og mur under naustet skal ikkje plasserast lenger ut i sjøen enn noverande naust/mur.

Tilbygg til anneks:

Ein kan ikkje sjå at det er grunnlag for å ta omsyn til innkomne merknader frå 2 naboar, og med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 17-2 vert det gjeve dispensasjon frå forbud mot bygging i 100 m beltet langs sjø, for bygging av tilbygg til anneks.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til anneks på gnr.4 bnr.25 og 83. Løyvet er gjeve i samsvar med tegning motteke 14.05.07.

Utslepp av vaskevatn skal førast via 2 kamra 1 m³ slamavskiljar i lukka leidning på djup sjø. Det er ikkje søkt om og ikkje gjeve løyve til å innstalera vassklosett.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Framlegget frå Reistad fekk 2 røyster og framlegget til Øystese 5 røyster.

Vedtak:

Naust:

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for utviding og heving av naust på gnr.4 bnr.25 og 83. Løyvet er gjeve i samvar med tegning motteke 14.05.07.

Naustet og mur under naustet skal ikkje plasserast lenger ut i sjøen enn noverande naust/mur.

Tilbygg til anneks:

Ein kan ikkje sjå at det er grunnlag for å ta omsyn til innkomne merknader frå 2 naboar, og med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 17-2 vert det gjeve dispensasjon frå forbud mot bygging i 100 m beltet langs sjø, for bygging av tilbygg til anneks.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til anneks på gnr.4 bnr.25 og 83. Løyvet er gjeve i samsvar med tegning motteke 14.05.07.

Utslepp av vaskevatt skal førast via 2 kamra 1 m³ slamavskiljar i lukka leidning på djup sjø. Det er ikkje søkt om og ikkje gjeve løyve til å innstalera vassklosett.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0047/07

KOMMUNALE VEGAR - DRØFTING AV KRITERIA

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta dei framlagde kriteria og det var og nemnd vegar som burde vera aktuelle å omklassifisera. Det vart og drøfta om det i diskusjonen skulle takast inn vegar som i dag er private men som stettar dei same kriteria som ligg for off. vegar.

Utvalet vil i neste møte koma med grunngeve tilråding til kommunestyret om konkrete vegar som bør omklassifiserast frå kommunal til privat veg.

Vedtak:

Saka vert teken opp att på neste møte.

0046/07

OMLEGGING AV EKSISTERANDE 300 KV-LEDNING MAURANGER - SAMNANGER

Handsaming i møte:

Idar Reistad sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune går i mot å leggja om eksisterande 300 kV linje frå Mauranger. Ei omlegging slik det er vist i konsesjonssøknaden, vil føra til 3 parallelle linjer gjennom Samnanger og inn mot transformatorstasjonen i Børdalen. Dei tre linjene vil få ei kraftleidningsgate på om lag 100 meter.

Kommunen meiner dette vil føra til eit slikt inngrep at det sterkt vil redusera landskapsopplevinga langs riksveg 7 frå Mørkhølen til Kvamskogen. Konsekvensane vil særleg vera store ved Mørkhølen og vidare opp til Fossen Bratte, samt på sørsida av Eikedalsvatnet. Heile denne strekningen har store landskapsopplevingar og friluftskvaliteter og mange turistar stoppar langs vegen. Me er redd for at tre store kraftlinjer, vil kunna føra til sterk forringing av desse kvalitetane

Kommunen har tidlegare uttalt seg til ny 420 kV linje frå Sima til Samnanger, og var i utgangspunktet i mot linja. Dersom det likevel vart fatta vedtak om bygging, ville kommunen gå inn for alt. 1. Kommunen meiner at endå ei ny linje vil føra til alt for store konsekvensar for området.

Tiltaket vil vera positivt for Børdalen og Eikedalen skisenter i og med at eksisterande linje vert riven. Likevel meiner kommunen at dei samla negative konsekvensane er større for Mørkhølen, Fossen Bratte og ved Eikedalsvatnet og vil såleis gå i mot søknaden.

Dersom det likevel vert fatta vedtak om omlegging, krev kommunen at eksisterande 132 kV linje må rivast. Dette kan redusera noko av dei store ulempene tiltaket vil få.

Kommunen vil og gjenta tidlegare uttale om at dersom det endelege konsesjonsvedtaket fører til sjøkabel i Hardangerfjorden, krev me at linja også må leggjast i kabel på resten av strekningen fram til transformatorstasjonen i Børdalen.

Samnanger rår ikkje til at det vert gitt løyve til oreigningsinngrep før det er halde rettsleg skjønn.